



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Helse og Omsorgsdepartementet, Helserettsavdelinga

Postboks 8011 Dep.
0030 OSLO

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2014/407	3057/2014	G00	SVK/ US	31.03.2014

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRINGSFORSLAG OM ENDRING I
HELSE OG OMSORGSTENESTELOVA OM RESERVASJONSRETT FOR
FASTLEGAR**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 27.03.14, hadde føre ovannemnde som sak PS 39/14, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret ønsker ikkje at legar skal ha lovheimla rett til å reservere seg mot mottak, henvisning til behandling eller behandling som pasientar har lovmessig rett til.*
- 2. Skulle det likevel verte innført ei reservasjonsordning for legar, må det vere ei nasjonal ordning som er felles for heile landet.*

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
Unni Strand
sekretær

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Arne Gotteberg

Arkivsak nr.: 2014/407

Arkivkode: G00, G64

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
62/14	Formannskapet	18.03.2014
39/14	Kommunestyret	27.03.2014

HØYRINGSFORSLAG OM ENDRING I HELSE OG OMSORGSTENESTELOVA OM RESERVASJONSRETT FOR FASTLEGAR

Handsaming i kommunestyret:

Uttale frå ungdomsrådet vart utdelt på møtet.

SP v/Ragnhild Aarflot Kalland kom med fylgjande alternativt framlegg:

- 1. Gjeldande lovverk gir ikkje fastlegane høve til å reservere seg mot å henvise til abortinngrep. Volda kommunestyre er enig i dagens lov på dette området og går difor imot høyringsframlegget om å endre helse- og omsorgstjenestelova og pasient- og brukerrettighetslova.*
- 2. Dersom lovene likevel vert endra, bed Volda kommunestyre om at det ikkje vert høve for den einskilde kommune å vedta lokale krav. Lovene og forskriftene må fastsette felles nasjonale krav/vilkår som gjeld for alle kommunar i landet.*

FRP v/Jenny Venås kom med fylgjande fellesframlegg på vegne av FRP og KRF:

- 1. Volda kommune meiner at tilvising og tilgang til abort til no har vore praktisert på ein fornuftig måte, der legar på kollegialt basis har teke omsyn både til kvinnene og til dei kollegaer som vegrar seg.*
- 2. Eventuell reservasjonsmulighet for tilvising til abort må utformast og praktiserast slik at kvinnes tilgang til sjølvbestemt abort ikkje på nokon måte blir hindra.*
- 3. Når saka om reservasjonsmulighet no har kome opp politisk og også har fått eit utvida innhald ut over tilvising til abort, må lovforslaget gjennom ei etisk og prinsippiell vurdering, der synspunkt vil vere forskjellige. Volda kommunestyre finn det uheldig at spørsmålet om eventuell framtidig legalisering og deltaking i aktiv dødshjelp er bygd inn i same saka gjeld reservasjonsrett mot tilvising til abort.*

4. *Ut frå ei samla vurdering av alle sider av denne saka, finn Volda kommunestyre det rimeleg at der skal bli opna høve til reservasjonsmuligheit. Reservasjonsmuligheita må då vere ei nasjonal ordning, felles for heile landet. Kommunestyret ynskjer ikkje ei kommunal reservasjonsordning.*
5. *Dersom reservasjonsmuligheit blir lovfesta, må kommunane få informasjon om legen sin reservasjonsstatus ved tilsetting og har rimeleg høve til å ta omsyn til dette for å kvalitetssikre ei tilstrekkeleg og ballansert fastlegeordning.*

SV v/Åshild Vik kom med fylgjande alternativt framlegg:

1. *Volda kommunestyre ønsker å ta klar avstand frå reservasjonsretten for legar både i eiga kommune og landet forøvrig.*
2. *Skulle det likevel verte innført ei reservasjonsordning for legar, må det vere ei nasjonal ordning som er felles for heile landet.*

Sindre Rotevatn, H, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Kommunestyret ønsker ikkje at legar skal ha lovheimla individuell rett til å reservere seg mot mottak, henvisning til behandling eller behandling som pasientar har lovmessig rett til.

Det vart halde gruppemøte under matpausen.

Etter pausen trekte desse sine framlegg:

SP v/Ragnhild Aarflot Kalland, SV v/Åshild Vik og Sindre Rotevatn

Åshild Vik, SV, kom med fylgjande fellesframlegg på vegne av SV, SP, AP, V og Sindre Rotevatn:

1. *Kommunestyret ønsker ikkje at legar skal ha lovheimla rett til å reservere seg mot mottak, henvisning til behandling eller behandling som pasientar har lovmessig rett til.*
2. *Skulle det likevel verte innført ei reservasjonsordning for legar, må det vere ei nasjonal ordning som er felles for heile landet.*

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet fekk 0 røyster og fall.

Fellesframlegget frå FRP og KRF fekk 11 røyster og fall. 15 røysta mot.

Pkt. 1 i fellesframlegget frå SV, SP, AP, V og Sindre Rotevatn fekk 15 røyster og vart vedteke. 11 røysta mot.

Pkt. 2 i fellesframlegget frå SV, SP, AP, V og Sindre Rotevatn vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 27.03.2014

- 1. Kommunestyret ønsker ikkje at legar skal ha lovheimla rett til å reservere seg mot mottak, henvisning til behandling eller behandling som pasientar har lovmessig rett til.***
- 2. Skulle det likevel verte innført ei reservasjonsordning for legar, må det vere ei nasjonal ordning som er felles for heile landet.***

Handsaming i formannskapet:

Lars Barstad fekk permisjon kl 18:00. Det var såleis 7 røysteføre under handsaming av saka.

Gunnar Strøm, SV, kom med slikt alternativt framlegg til pkt. 4:

Kommunestyret ynskjer ikkje ei kommunal reservasjonsordning. Om det eventuelt vert innført ei slik reservasjonsordning må det vere ei nasjonal ordning felles for heile landet.

Røysting:

Det vart røysta punktvis over tilråding frå administrasjonen.

Pkt. 1 fekk tre røyster (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Dan Bjørnset) og fall. Fire røysta mot.

Pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Gunnar Strøm og tilrådinga frå administrasjonen pkt. 4. Framlegget frå Gunnar Strøm fekk fire røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk tre røyster (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Dan Bjørnset) og fall.

Pkt 5 vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014 til Kommunestyret:

- 1. Eventuell lovheimla reservasjonsrett for fastlegar må utformast og praktiserast slik at kvinnes tilgang til sjølvbestemt abort ikkje blir hindra.***
- 2. Når saka om reservasjonsrett no har kome opp politisk og også har fått eit utvida innhald ut over spørsmålet om tilvising til abort, må ein ta stilling til lovforslaget***

både på etisk og prinsipielt grunnlag, der synspunkt vil vere forskjellige. Volda kommunestyre finn det uheldig at spørsmålet om eventuell framtidig legalisering og deltaking i aktiv dødshjelp er bygd inn i same saka som gjeld reservasjonsrett mot tilvising til abort. Kommunestyret har forståing for at dette gjer saka enno vanskelegare og aktualiserar fleire samvitsspørsmål for mange legar.

- 3. Kommunestyret ynskjer ikkje ei kommunal reservasjonsordning. Om det eventuelt vert innført ei slik reservasjonsordning må det vere ei nasjonal ordning felles for heile landet.*
- 4. Dersom reservasjonsrett blir lovfesta, må kommunane få informasjon om legen sin reservasjonsstatus ved tilsetting og ha rimeleg høve til å ta omsyn til dette for å kvalitetssikre ei tilstrekkeleg og ballansert fastlegeordning.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommunestyre meiner at tilvising og tilgang til abort til no har vore praktisert på ein fornuftig måte, der legar på kollegial basis har teke omsyn både til kvinnene sitt behov for abort og til dei legekolleagaer som har vegrar seg for å tilvise.*
- 2. Eventuell lovheimla reservasjonsrett for fastlegar må utformast og praktiserast slik at kvinnes tilgang til sjølvbestemt abort ikkje blir hindra.*
- 3. Når saka om reservasjonsrett no har kome opp politisk og også har fått eit utvida innhald ut over spørsmålet om tilvising til abort, må ein ta stilling til lovforslaget både på etisk og prinsipielt grunnlag, der synspunkt vil vere forskjellige. Volda kommunestyre finn det uheldig at spørsmålet om eventuell framtidig legalisering og deltaking i aktiv dødshjelp er bygd inn i same saka som gjeld reservasjonsrett mot tilvising til abort. Kommunestyret har forståing for at dette gjer saka enno vanskelegare og aktualiserar fleire samvitsspørsmål for mange legar.*
- 4. Ut frå ei samla vurdering av alle sider av denne saka, finn Volda kommunestyre det rimeleg at der skal bli opna høve til reservasjonsrett. Reservasjonsretten må vere ei nasjonal ordning, felles for heile landet. Kommunestyret ønskjer ikkje ei kommunal reservasjonsordning.*
- 5. Dersom reservasjonsrett blir lovfesta, må kommunane få informasjon om legen sin reservasjonsstatus ved tilsetting og ha rimeleg høve til å ta omsyn til dette for å kvalitetssikre ei tilstrekkeleg og ballansert fastlegeordning.*

Vedleggsliste:

1. Høyringsforslag om endring i helse og omsorgstenestelova om reservasjonsrett for fastlegar
2. Helse og Omsorgsdepartementet 31.10.2013: Om reservasjon for leger i den kommunale helse og omsorgstjenesten
3. Fylkesmannen i Møre og Romsdal 29.01.2014: Brev til kommunene vedrørende reservasjonsrett for leger
4. Helse- og omsorgsdepartementet: Rundskriv - Om reservasjon for leger i den kommunale helse- og omsorgstjenesten

Samandrag av saka:

Departementet opnar mulegheit for lovendring slik at fastlegar skal ha høve til å reservere seg mot tilvising og behandling ved alvorlege samvitskonfliktar knytt til liv og død. Det mest sentrale spørsmål er om fastlege skal få heimel til å reservere seg mot tilvising til sjølvbestemt abort. Problemstillinga er sterkt utvida og vanskeleggjort ved at departementet også opnar for heimel til å reservere seg mot aktiv dødshjelp dersom dette skulle bli legalisert her i landet i framtida. Heimelen skal ikkje omfatte føreskriving eller innsetting av prevensjon eller tilvising til assistert befruktning.

Rådmannen sine konklusjonar går fram av framlegget til vedtak ovanfor.

Saksopplysningar:

Kort resymé av høyringsnotatet sitt hovudinnhald – sitat frå departementet sitt skriv:

"Helse- og omsorgsdepartementet foreslår en tilføyelse i helse- og omsorgstjenesteloven som skal åpne mulighet for fastleger til å reservere seg mot henvisning og behandling ved alvorlige samvittighetskonflikter knyttet til liv og død.

Med alvorlige samvittighetskonflikter knyttet til liv og død menes først og fremst abort.

Hjemmelen vil også omfatte reservasjonsmulighet mot aktiv dødshjelp dersom dette skulle bli tillatt. Hjemmelen skal ikke omfatte forskrivning eller innsetting av prevensjon eller henvisning til assistert befruktning.

Videre foreslår departementet endringen med utvidet rett til å skifte fastlege for pasienter som står på liste hos en fastlege som har reservert seg mot henvisning til abort.

Kommuner skal få adgang til å inngå avtaler med fastleger om at disse kan reservere seg av samvittighetsgrunner mot å henvise kvinner til abort. Fastlegen som reserverer seg må sørge for at kvinner på hans eller hennes liste som vurderer eller ønsker henvisning til abort, får tilbud om konsultasjon hos en annen fastlege i nærheten senest innen neste virkedag. Før kommunen kan inngå avtale om reservasjon, må fastlegen dokumentere at han eller hun har inngått en skriftlig avtale med en kollega som forplikter seg til å ta imot og henvise de aktuelle kvinnene.

Fastlegen som har reservert seg skal også informere kvinner på sin liste som vurderer eller ønsker henvisning til abort om at de kan henvende seg direkte til sykehuset uten henvisning fra fastlege.

Fastlegen skal informere alle sine eksisterende listeinnbyggere om reservasjonsavtalen straks avtalen er inngått. Kommunen skal sørge for at alle innbyggerne får informasjon om hvilke

leger som til enhver tid har reservert seg slik at innbyggerne er kjent med det når de skal velge fastlege. Dette kan for eksempel fremgå av nettsiden for skifte av fastleger – MinFastlege”

Kommuneoverlegen i Volda og Ørsta si utgreiing og vurdering:

- Abortlova frå 1975 opnar tilgang for helsepersonell til å reservere seg mot å utføre og å ta del i abortinngrep.
- Det har til no ikkje vore lovleg tilgang for nokon fastlege å reservere seg mot å tilvise kvinner til abortinngrep – jamf. Rundskriv frå Helse og Omsorgsdepartementet 31.10.2011 og brev frå Fylkeslegen 29.01.2014. Det blir slått fast at listeansvaret omfattar ”ansvaret for allmennlegetilbudet til personer på sin liste innen de rammer som gjelder for fastlegeordningen i lov, forskrift og sentrale avtaler” Listeansvaret omfattar også ”henvisning til andre helsetjenester etter behov”
- Det er vel kjent, og den sannsynlege årsaka til endringsforslaget, at enkelte fastlegar har vegra seg mot denne tilvisingsplikta. Nokre fastlegar har oppnådd ein aksept/avtale om dette med kommunen. Dette har blitt løyst ved at kvinnene har vore tilvist av andre legar eller det er opplyst om at lova opnar for at kvinnene kan vende seg direkte til næraste sjukehus som har gynekologisk avdeling.
- Akseptert og avtalt reservasjonsrett for fastlege mot å tilvise til abort i nokre kommunar, er altså lovstridig og kan skuldast
 - Misforståing, eller
 - Legemangel og sterkt behov for å få tilsatt lege i kommunen.
- Kommuneoverlegen kjenner ikkje ei einaste sak/klagesak der ei kvinne har blitt avskoren frå den tilgang til sjølvbestemt abort innan det offentlege helsevesen i Norge, som abortlova føreskriv.
- På grunn av stort fokus rundt det nye lovforslaget, kjenner kommuneoverlegen no til eksempel på klager (andre stader i landet) på legar som meiner å ha lokal reservasjonsrett. Fylkeslegen har opna tilsynssak for å avklare om involvert helsepersonell yter helsetenester i tråd med lovgivinga.
- Saka har blitt tilspissa ved det nye lovforslaget. Ut over spørsmålet om reservasjonsrett mot tilvising til abort, er det kome inn i eit heilt nytt moment i høyringa, som gjeld eventuell framtidig rett til reservasjon mot aktiv dødshjelp. Dette utvida innhaldet i lovforslaget støyter sterkare opp mot helsepersonell sin samvittigheit og gjer, etter kommuneoverlegen sin vurdering, saka vanskelegare for mange legar. Reservasjonsretten blir enno meir aktualisert og prinsipiell.
- Det har også vanskeleggjort saka at det er den enkelte kommune som skal ta avgjerd om dei skal vere såkalla ”reservasjonskommunar” eller ikkje.
- Ein må ha forståing av at dette er vanskelege etiske samvitsspørsmål for mange legar og øvrig helsepersonell.

Kommuneoverlegen har sondert blant fastlegane i Volda og Ørsta. Då sto reservasjonsrett mot tilvisning til abortinngrep i fokus for diskusjonen. Dette med reservasjon mot aktiv dødshjelp er ikkje ei aktuell problemstilling no, men kan bli det i framtida.

Legane avventar nye, klare signal og tilrådingar frå Den norske Legeforening i.l.a våren.

Ut frå ei samfunnsmedisinsk vurdering og sonderingar blant fastlegane blir kommuneoverlegen sin konklusjon på det noverande tidspunkt:

1. Dersom det skal innførast reservasjonsrett med tanke på fastlegane sin henvisningsplikt til abort, må det vere ei nasjonal og ikkje ei kommunal reservasjonsordning.
2. Skal ein endre helse og omsorgstenestelova på dette punkt, må ein finne ordningar som ikkje gjer kvinnene sin lovlege rett til sjølvbestemt abort vanskeleg
3. Opp mot tilvisningsplikt til abort aleine, synes det på det noverande tidspunkt å vere eit fleirtal av fastlegane som ikkje ser behov for ei lovendring og innføring av rett til fritak.
4. Eit mindretal meiner at retten til reservasjon må lovfestast som ei nasjonal ordning.
5. Kommuneoverlegen meiner at når legen sin deltaking ved aktiv dødshjelp også blir eit spørsmål i saka, er det utvida grunnlag for at reservasjonsrett blir ei lovfesta nasjonal ordning. Dette kunne ha utstått til det er ei aktuell problemstilling om ein skal legalisere tilgang til aktiv dødshjelp eller ikkje her i landet.
6. Dersom reservasjonsrett blir lovfesta, må kommunen få informasjon om legen sin reservasjonsstatus og høve til å ta omsyn til dette ved tilsetjing, for å kvalitetssikre ei tilstrekkeleg og ballansert fastlegeordning.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen sluttar seg til kommuneoverlegen sin vurdering og konklusjon i saka

Helse og miljøkonsekvensar:

Dei omsyn som her er utgreidd har konsekvensar for folkehelse og helsearbeid, både for den som står i sentrum, den nære familie og for det helsepersonell som skal eller ikkje skal utføre nasjonale avgjerder.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard

Arne Gotteberg

Rådmann

Kommuneoverlege/fagsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Helse og Omsorgsdepartementet, Helserettsavdelinga, Postboks 8011 Dep., 0030 Oslo